

Ullensvang

0. Disposisjon

1. Kommune og bygder ➤
2. Lytt på dialekten ➤
3. Nokre særdrag ➤
4. Ein liten grammatikk ➤
 - 4.1. Lydverket ➤
 - a. Lydane ➤
 - b. Lydmønster ➤
 - 4.2. Bøyingsverket ➤
 - a. Substantiv ➤
 - b. Verb ➤
 - c. Adjektiv ➤
 - d. Pronomen ➤
5. Ord og uttrykk ➤
 - 5.1. Ordsamling ➤
 - 5.2. Uttrykk ➤
6. Forskjellar ➤
 - 6.1. Geografiske forskjellar ➤
 - 6.2. Yngre og eldre dialekt ➤
7. Dialektprøver ➤
8. Kjelder ➤

1. Kommune og bygder

- Kommune i Hardanger
- Kommunenamnet er truleg ei samansetjing av gudenamnet *Ull* og *vang* 'open plass, voll'.
- I 1964 blei kommunen slegen saman med Kinsarvik, Åsgrenda (frå Kvam) og Eidfjord. Eidfjord blei skilt ut att i 1977.
- Areal: 1 395 km²
- Innbyggjartal per 1.1.06: 3 472
- Administrasjonssenter: Kinsarvik
- Andre tettstader: Lofthus
- Kyrkjesokn: Ullensvang, Kinsarvik og Utne
- Næringsvegar: Turisme og jordbruk, særleg fruktdyrking. Kommunen har lite industri.

2. Lytt på dialekten

➤L Klikk her og høyr på opptak frå Ullensvang.

- Der er no eit diplom som handlar om nokre tvistesaker innpå, innpå Bleie. I frå 1294, trur eg. Som, der han, altså det var krangel om nokre kvernrettar og om kvar folk hadde funne seg moldfor, altså det er eit uttrykk de ikkje skjønar sikkert. Altså det var i, veit de kva borten er for noko? Det er bregnar som ormetelg, har de høyrte om det? Ja, dei brukte det som eit naudfor om vårane. Altså bortnen har eit svært rotnett som overvintrar og er like friskt. Overdelen av planta den, den visnar.
- Men nedi jorda så er det fortsatt...
- Men, om vårane så kunne dei altså grava opp desse røtene og bruka dei til for til krøtera. Og dette hadde dei vorte ueinige om. Dei meinte at nokon av bleiingane hadde vore og, og greve opp moldfor der dei ikkje åtte grunnen.

Informant: Mann frå Utne, fødd 1944.

- Eg spelar, har dei siste fem åra, så har eg brukt kontrabass i forskjellige samanhengar, men på den morellfestivalen så har me vore, har me vore ni ungdommar frå Hardanger, frå Lofthus, som alle spelar noko. Så då hadde me eit band som heitte Morell swingers, som var eit storbandkonsept med, med blåsarrekke og, og syngedamer og, ja litt sånn stor greie då. Da, så då pleide me å spela på dagtid under arrangementet og på ein dans om kvelden.
- Det høyrtest kjekt ut.
- Ja, det var, var veldig kjekt. I år skal ikkje me gjera det fordi, fordi folk har, folk bur så spreidd og har ikkje alltid tid lenger. Og akkurat på den tida så er folk, for ofte kanskje har ferie eller skal spela på andre ting og sånn.
- Men er dette nokon du har spelt saman med tidlegare òg?
- Så i år, ja eg har spelt i mange år, ja det er, det er stort sett kameratane mine frå Lofthus. Alt frå, nei, det er ein veldig artig gjeng for det er liksom alt frå vaksne bønder i, i 40-åra til, til sånne unge, unge folk då, studentar og slikt, så det er utruleg spreidd sånn alders, veldig spreidd i alder.

Informant: Mann frå Lofthus, fødd 1978.

3. Nokre særdrag

Informasjon om lydskriftsystemet. ➤T[eigen art.]

Dialekten her har dei vanlege sørvestlandske ➤T[eigen art.] og hardangerske ➤T[eigen art.] draga, dvs. at

- infinitivar ➤O endar på *-a* ➤T[eigen art.]K: *á finna, á læsa*
- svake hokjønnsord ➤O endar på *-a* i ubestemt form eintal ➤T[eigen art.]K: *ai visa, ai jenta*
- det er forskjell i bøyinga på svake ➤O og sterke hokjønnsord ➤O i bestemt form eintal (men ikkje i fleirtalsformene) ➤T[eigen art.]K:

<i>visa</i>	<i>viso</i>	<i>viser</i>	<i>visenę</i>	'vise'
<i>skaol</i>	<i>skaolę</i>	<i>skaolę</i>	<i>skaolęę</i>	'skål'

- det personlege pronomenet i 3. person hokjønn er *ho* ➤T
- dei personlege pronomena i første person er *eg* i eintal og *me* i fleirtal ➤T[eigen art.]K
- ein har uttalen *ao* i ord som *skaol, sjao* og *aor*, 'skål, sjå og år', dvs. ord som har *á* i skriftmålet, og som hadde lang *a* (*á*) i gammalnorsk
- diftongane *ei* og *øy* blir uttalte som *ai* og *ái*: *ait bain, ai ái, á dráima* 'eit bein, ei øy, á drøyma'

4. Ein liten grammatikk

4.1. Lydverket

a. Lydane

Vokalane i dialekten er dei vanlege *a, e, i, o, u, y, ø, á, ai, ái, au* og *ao*. Dessutan har ein "tilleggsvokalane":

- ę*, som blir uttalt som ein open *e*
- ɪ*, som blir uttalt som ein open *i*
- ù*, som blir uttalt som ein open *u*
- ỳ*, som blir uttalt som ein open *y*

Konsonantane er dei vanlege me kjenner frå skriftmålet: *b, d, f, g, h, j, k, l, m, n, p, r, s, t, v*. Dessutan har dialekten desse "tilleggskonsonantane":

ķ, ġ, som blir uttalte med å pressa fremre delen av tunga mot ganen litt lenger fram enn der ein uttaler *k* og *g*, og så opna for lufta med ein liten "eksplosjon". I fagspråket kallar me desse lydane for affrikatar. Dei svarar ofte til skrivemåten *kj* og *gj* i nynorsk: *tęnķa, byġġa* 'tenkja, byggja'. Men desse to lydane vekslar også ofte med *k* og *g* i bøyinga av ord, og det blir kommentert under Substantiv ➤L.

Som dei fleste andre dialektane i Noreg har også dialekten i Ullensvang tonemforskjell ➤**O**, dvs. at det finst ordpar der tonegangen ➤**O** er den einaste tydingskiljande faktoren:

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *far*)

ˈfarˈn (bestemt form eintal av *fare*)

b. Lydmønster

- Etter *d*, *l*, *n*, *s* og *t* kan den trykklette stavinga *-en* bli uttalt som *'n*, dvs. at vokalen fell ut og *n*-en åleine blir uttalt som ei staving. Det heiter altså for eksempel *gut'n* og ikkje *gutēn*.
- Lyden *ŋ*, som ofte svarar til skrivemåten *ng*, blir uttalt med å pressa bakre delen av tunga mot ganen mens ein slepper lufta ut gjennom nasen. I fagspråket kallar me han for ein velar nasal. Mykje av vestlandsk har denne lyden berre framom *k* og *g*. Ein uttaler altså ein *g* etter *ŋ* der andre dialektar ikkje gjer det. I Ullensvang heiter det såleis for eksempel *sēŋg*, mens det i store delar av landet elles heiter *sēŋŋ* 'seng'.

4.2. Bøyingsverket

a. Substantiv

Hankjønn

Det dominerande bøyingsmønstret for hankjønnsorda blir vist nedafor. Ein del ord i denne gruppa endar på *-e* i oppslagsforma ➤**O** (*laoe*), mens andre ikkje gjer det (*hest*). Me har difor plassert *e*-en i ein parentes.

1. *-(e)* *-en* *-ar* *-anē*

Det vil seia at *laoe* 'låve' og *hest* blir bøyde slik:

<i>laoe</i>	<i>laoēn</i>	<i>laoar</i>	<i>laoanē</i>
<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hestar</i>	<i>hestanē</i>

På grunn av at endinga *-en* i *hestēn* står etter *-t*, blir ordet i bestemt form eintal uttalt *hest'n*, jf. Lydmønster. ➤**L**

Ei gruppe hankjønnsord har *e* i fleirtalsendingane:

2. – –en –er –ene

Slik går m.a. *sau*, *bekk* og *kvist*, altså på denne måten:

<i>sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sauer</i>	<i>sauenē</i>
<i>bekk</i>	<i>bekkēn</i>	<i>bekker</i>	<i>bekkēnē</i>
<i>kvist</i>	<i>kvist'n</i>	<i>kvister</i>	<i>kvist'nē</i>

Avvikande bøyning frå dette i hankjønn finn ein for eksempel i:

<i>fot</i>	<i>fot'n</i>	<i>føter</i>	<i>føtt'na/føt'na</i>
------------	--------------	--------------	-----------------------

Ein del ord som endar på den trykklette stavinga *-ar*, følgjer første bøyingsmønster, men dei får samandraging >O i fleirtal:

<i>hammar</i>	<i>hammarēn</i>	<i>hamrar</i>	<i>hamranē</i>
<i>spikar</i>	<i>spikarēn</i>	<i>spikrar</i>	<i>spikranē</i>

Hokjønn

Dei fleste sterke hokjønnsorda >O har dette bøyingsmønster:

3. – –ē –er –ene

Dermed får orda *naol* 'nål' og *sak* slik bøyning:

<i>naol</i>	<i>naolē</i>	<i>naoler</i>	<i>naolēnē</i>
<i>sak</i>	<i>sakē</i>	<i>saker</i>	<i>sakēnē</i>

Dei fleste svake hokjønnsorda >O har slik bøyning:

4. –a –o –er –ene

<i>visa</i>	<i>viso</i>	<i>viser</i>	<i>visēnē</i>
<i>kanna</i>	<i>kanno</i>	<i>kanner</i>	<i>kannēnē</i>

Svært mange hokjønnsord følgjer eit anna mønster, som har vokalen *a* i fleirtal:

5. – –ē –ar –ane

Slik bøyning har f.eks. *elv* og *ķering* 'kjerring':

<i>elv</i>	<i>elvē</i>	<i>elvar</i>	<i>elvanē</i>
<i>ķering</i>	<i>ķerinjē</i>	<i>ķeringar</i>	<i>ķeringanē</i>

Desse orda har avvikande bøyning frå dei to hovudmønstra i hokjønn:

<i>bok</i>	<i>boķę</i>	<i>bøķę</i>	<i>bøķęę</i>	
<i>nått</i>	<i>nåttę</i>	<i>nettę</i>	<i>nettęę</i>	'natt'
<i>dåttę</i>	<i>dåttę/dåttęę</i>	<i>døttęę</i>		'dotter'

Inkjekjønn

Inkjekjønnsorda har desse bøyingsmønstra:

6.	-(ę)	-ę	-(ę)	-ę
----	------	----	------	----

Dette er det dominerande bøyingsmønstret for inkjekjønnsorda. Ein del ord i denne gruppa endar på *-ę* i oppslagsforma ► **O** (*sętę*), mens andre ikkje gjer det (*hus*). Me har difor plassert *ę*-en i ein parentes.

Orda *sętę* og *hus* får bøyinga:

<i>hus</i>	<i>huseę</i>	<i>hus</i>	<i>huseę</i>
<i>sętę</i>	<i>sętę</i>	<i>sętę</i>	<i>sętę</i>

Ei gruppe inkjekjønnsord blir bøyde slik:

7.	-a	-a	-ę	-ęę	
	<i>jarta</i>	<i>jarta</i>	<i>jartę</i>	<i>jartęę</i>	'hjarta'
	<i>auga</i>	<i>auga</i>	<i>augę</i>	<i>augęę</i>	

Palatalisering

Palatalisering kallar me det at ord som *bęnk* heiter *bęńķęę*, *dag* heiter *dajęę*, *sęng* heiter *sęńję* og *vęgg* heiter *vęđđęę* i bestemt form eintal. Ein *k* eller ein *g* framom endingane som blir nemnde nedafor, blir altså skifta ut med ein annan konsonant slik at *k* alltid blir skifta ut med *ķ* (jf. *bęńķ*), mens *g* blir bytt ut med *đ* etter kort vokal (jf. *vęđđ*) og med *j* etter lang vokal (jf. *daj*) og etter *n* (jf. *sęńj*). I substantiva skjer denne palataliseringa framom endinga i desse tilfella:

- i eintal av hankjønnsord,
- i fleirtal av hankjønnsord med *-ę* og *-ęę* som endingar i fleirtal (dvs. klasse 2 ovafor),
- i eintal av hokjønnsord som ikkje endar på *-a* i oppslagsforma,

- i fleirtal av ein del hokjønnsord som får endingane *-er* og *-ene* i fleirtal (dvs. klasse 3 ovafor), og
- i heile inkjekjøn.

b. Verb

Svake verb

Dei svake verba ➤**O** kan me setja opp i seks klassar med desse bøyingsendingane:

1. *kasta*-klassen:

-a *-ar* *-a* *-a*

Slik bøyer ein kanskje dei fleste verba, f.eks.

<i>kasta</i>	<i>kastar</i>	<i>kasta</i>	<i>kasta</i>
<i>takka</i>	<i>takkar</i>	<i>takka</i>	<i>takka</i>

2. *døma*-klassen:

-a *-e* *-de/-te* *-t*

Etter dette mønstret bøyer ein altså slik:

<i>spara</i>	<i>sparē</i>	<i>sparde</i>	<i>spart</i>
<i>tåla</i>	<i>tåle</i>	<i>tålte</i>	<i>tålt</i>
<i>tapa</i>	<i>tapē</i>	<i>tapte</i>	<i>tapt</i>

Verba i denne klassen som har konsonantane *g*, *m*, *n*, *r* eller *v* føre endinga, som altså i *spara*, *laga* osv., får endinga *-de* i preteritum ➤**O**. Dersom verbet har ein av konsonantane *k*, *p*, *s* eller *t* føre endinga, blir preteritum laga med å leggja til *-te*: å *tapa* – *tapte*, å *lika* – *liktē*. Av verb som har konsonanten *l* framom endinga, får somme *-de* andre *-te* i preteritum: *tålte*, *fylde*.

3. *greia*-klassen:

-a *-e* *-dde* *-tt*

Altså:

<i>nåia</i>	<i>nåie</i>	<i>nådde</i>	<i>nått</i>	'nøya'
-------------	-------------	--------------	-------------	--------

Når desse verba får tillagt endingane *-dde* og *-tt*, blir altså vokalen framom kort. Typisk for verba i denne klassen er at dei har diftong >O framom infinitivs-*a*-en: *graiia*, *náia* 'greia, nøya'.

4. *meina*-klassen:

-a *-ar* *-de/-tē* *-t*

Desse verba liknar på *kasta*-klassen i notid og *døma*-klassen i fortid:

<i>spēla</i>	<i>spēlar</i>	<i>spēlte</i>	<i>spēlt</i>
<i>baka</i>	<i>bakar</i>	<i>baktē</i>	<i>bakt</i>

Her som i *døma*-klassen finst to endingar i preteritum >O alt etter kva konsonant som står framom endinga: *baktē* med *-tē* og *plagdē* med *-dē*. Verba som følgjer denne klassen, er helst slike som har éin konsonant etter vokalen: *baka*, *plaga*, *låva*, *lika* osv.

5. *telja*-klassen:

-a *-ē* **-dē/*-tē* **-t*

Her set me stjerne framom endingane i fortid, for det som først og fremst skil klassen frå *døma*-klassen, er at stammevokalen >O i verbet kan skifta:

<i>tēlja</i>	<i>tēlē</i>	<i>taldē</i>	<i>talt</i>
<i>sýmja</i>	<i>sýmē</i>	<i>sùmdē</i>	<i>sùmt</i>

Notidsforma her skil seg òg frå notidsformene i *døma*-klassen ved at dei har ein annan tonegang >O; *tēlē* er uttalt med det me kallar tonem >O 1, mens *spara* i notid har tonem 2: *tēlē*, *sparē*. Her som i *døma*-klassen bruker ein *-tē* i preteritum >O etter visse konsonantar.

6. *nå*-klassen:

- *-r* *-dde* *-tt*

Verba som går etter denne klassen, har inga ending i infinitiv >O, og altså *-r* i notid:

<i>tru</i>	<i>trur</i>	<i>truddē</i>	<i>trutt</i>
<i>sao</i>	<i>saor</i>	<i>saoddē</i>	<i>saott</i>

Sterke verb

Dei sterke verba skil seg ut frå dei svake >O ved først og fremst å vera særprega av vokalskifte i stammen >O mellom bøyingsformene, som me ser f.eks. i *mala* – *mēlē* – *mol*

– *malē*. Her er skiftet altså *a – e – o – a*. Dessutan er det inga ending i preteritum ➤**O** (*mol*), perfektum partisipp ➤**O** har endinga –*e* (*malē*), og i notid bruker ein tonem 1 (*‘mēlē*) slik som i det svake verbet *‘tēlē*, jf. ovafor. Dei sterke verba blir også delte inn i klassar, og då etter vokalskifta. Den vanlege inndelinga stiller me opp nedafor, men det er ein del mindre avvik innafor kvar klasse.

1. klasse (*i – i – ai – e*):

<i>bita</i>	<i>bitē</i>	<i>bait</i>	<i>betē</i>
<i>driva</i>	<i>drivē</i>	<i>draiv</i>	<i>drevē</i>

2. klasse (*y – y – au – å*):

<i>bryta</i>	<i>brytē</i>	<i>braut</i>	<i>bråtē</i>
<i>frysa</i>	<i>fryse</i>	<i>fraus</i>	<i>fråse</i>

3. klasse (*ι/ε – ι/ε – a – ù/å*):

<i>finna</i>	<i>finnē</i>	<i>fann</i>	<i>fūnnē</i>
<i>vinna</i>	<i>vinnē</i>	<i>vann</i>	<i>vūnnē</i>
<i>renna</i>	<i>rennē</i>	<i>rann</i>	<i>rānnē</i>
<i>slēppa</i>	<i>slēppe</i>	<i>slapp</i>	<i>slāppe</i>

4. klasse (*ε – ε – a – å*):

<i>bēra</i>	<i>bērē</i>	<i>bar</i>	<i>bårē</i>
<i>sjēra</i>	<i>sjērē</i>	<i>skar</i>	<i>skårē</i>

5. klasse (*ε – ε – a – e*):

<i>lēsa</i>	<i>lēse</i>	<i>las</i>	<i>lēse</i>
<i>drēpa</i>	<i>drēpe</i>	<i>drap</i>	<i>drēpe</i>

6. klasse (*a – e – o – a/å/ē*):

<i>mala</i>	<i>mēlē</i>	<i>mol</i>	<i>malē</i>
<i>fara</i>	<i>fērē</i>	<i>for</i>	<i>farē/fårē</i>
<i>gnaga</i>	<i>gnēge</i>	<i>gnog</i>	<i>gnējē</i>

Litt meir spesiell bøyning har for eksempel desse sterke verba ➤**O**:

<i>be</i>	<i>ber</i>	<i>ba</i>	<i>båē</i>	<i>‘be’</i>
-----------	------------	-----------	------------	-------------

<i>je</i>	<i>jer</i>	<i>gav</i>	<i>jitt</i>	'gje'
<i>sta</i>	<i>stendę</i>	<i>sto</i>	<i>stęę</i>	'stá'
<i>slao</i>	<i>slę</i>	<i>slo</i>	<i>sleję</i>	'slá'
<i>fao</i>	<i>fę</i>	<i>fękk</i>	<i>fęnję</i>	'fá'

c. Adjektiv

Adjektiva har me hovudsakleg to typar av: 1) dei som endar på *-ęn* i oppslagsforma ➤ **O** (f.eks. *galęn*), og 2) dei som ikkje gjer det (f.eks. *stor*). Adjektiva får bøyning i samsvar med substantivet dei står til, og dermed får dei slike bøyningar:

- | | | | |
|----|---|---|---|
| 1) | <i>ain gal'n gut</i>
<i>galnę gutar</i> | <i>ai galę jęnta</i>
<i>galnę jęntę</i> | <i>ait galę badn</i>
<i>galnę badd'n</i> |
| 2) | <i>ain storę mann</i>
<i>storę mennę</i> | <i>ai storę kęring</i>
<i>storę kęringar</i> | <i>ait stort hus</i>
<i>storę hus</i> |

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|--------------------------|-------------------------|-------------------------|
| 1) | <i>-ęn</i>
<i>-nę</i> | <i>-ę</i>
<i>-nę</i> | <i>-ę</i>
<i>-nę</i> |
| 2) | <i>-ę</i>
<i>-ę</i> | <i>-ę</i>
<i>-ę</i> | <i>-t</i>
<i>-ę</i> |

Dersom substantivet står i bestemt form, blir adjektivet bøygd slik:

- | | | | |
|----|--|---|--|
| 1) | <i>dann galnę mann'n</i>
<i>dai galnę menn'nę</i> | <i>dann galna jęnto</i>
<i>dai galna/galnę jęnt'nę</i> | <i>da galna badnę</i>
<i>dai galnę baddnę</i> |
| 2) | <i>dann storę mann'n</i>
<i>dai storę menn'nę</i> | <i>dann stora jęnto</i>
<i>dai stora/storę jęnt'nę</i> | <i>da stora badnę</i>
<i>dai storę baddnę</i> |

Dermed er bøyingsmønstra slik:

- | | | | |
|----|--------------------------|------------------------------|--------------------------|
| 1) | <i>-nę</i>
<i>-nę</i> | <i>-na</i>
<i>-na/-nę</i> | <i>-na</i>
<i>-nę</i> |
| 2) | <i>-ę</i> | <i>-a</i> | <i>-a</i> |

-e -a/-e -e

d. Pronomen

Dei personlege pronomena er desse:

	Eintal					Fleirtal		
	1. pers.	2. pers.	3. pers.			1. pers.	2. pers.	3. pers.
			hankjøn	hokjøn	inkjekjøn			
subjektsform	<i>eg</i>	<i>du</i>	<i>hann</i>	<i>ho</i>	<i>da</i>	<i>me</i>	<i>de</i>	<i>dai</i>
avhengig form	<i>meg</i>	<i>dæg</i>	<i>hann</i>	<i>ho/henne</i>	<i>da</i>	<i>áss/aoko</i>	<i>deko</i>	<i>dai</i>

Dei peikande pronomena i Ullensvang har denne bøyinga:

Eintal			Fleirtal
Hankjøn	Hokjøn	Inkjekjøn	
<i>dann</i>	<i>dann</i>	<i>da</i>	<i>dai</i>
<i>denna</i>	<i>denna</i>	<i>detta</i>	<i>denne/desse</i>
<i>hinn</i>	<i>hi</i>	<i>hitt</i>	<i>hine</i>

5. Ord og uttrykk

Her finn du ei samling gamle ord >L og uttrykk >L frå Ullensvang. Samlinga byggjer på: Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

5.1. Ordsamling

ainryddelē (adverb) 'truverdig, trufast': *Gut'n svara prest'n so ainryddelē so da skù ha kāmē or berjē.*

atthùg (substantiv, hankjøn) 'uro av at ein legg eitkvart på seg': *Du fēr vakna sjøle, eg ve kē liđa mē nùkàn atthùg fỳ dæg.*

brynt (adverb) 'sikkert, visst': *Hann låvdē so brynt å sekkē ny ruta i vindauga, mēnn eg ha ikkē sett nùkē te ann endao.*

draspa (verb) 'slå': *Eg draspa te ann, eg.*

glåssa (verb) 'klårna, skina opp etter uver': *Hann glåssar ùpp no.*
hause (substantiv, hankjønn) 'villstyring': *Klåkkarēn haddē nåkre hausar pao skul'n.*
hùgabur (substantiv, hankjønn) 'lengt': *Da va iķķē so mỳķē hùgabur i bådne att dai*
kåmm haim te fāreldra mē jolē.
jaoma (verb) 'tøva, snakka om ingenting': *Ho sat dar å jaoma.*
ķanka (verb) 'masa, kjefta': *Jamt jēngē du å ķankar.*
larra (verb) 'gå seint': *Hann larra i vēg.*
linka (verb) 'fjasa, vasa': *Taus'nē linka burt tiē.*
pylķēn (adjektiv) 'furten': *Sån'n vatt so pylķēn naor farēn tala te hann.*
rỳsjelē (adjektiv) 'fælt': *Da va rỳsjelē te sjao.*
smirēn (adjektiv) 'søt': *Hann ē nùķē smirēn, dann siderēn.*
tetrøvē (adjektiv) 'lett å triva til, om noko som er for handa': *Da va so tetrøvē.*
tistra (substantiv, hokjønn) 'kvikk og triveleg kvinne': *Ho ē so mỳķē te tistra.*

5.2. Uttrykk

dag å dimma 'lys og mørke'
døra sēg 'gå på do'
friska sēg 'ta seg eit glas dagen etter ein rus'
ha attē te lusasalvē 'ikkje stå på berr bakke'
halda yļēn 'halda varmen i kroppen'
iķķē ha ratt raina lūmmēr 'vera rik'
seķķa svea pao 'kveikja, tenna på'
te likar 'avgjort, fullvisst'
trēska i adlē laoar 'vera framme alle stader'
aobyra sēg 'setja børa ifrå seg'

6. Forskjellar

6.1. Geografiske forskjellar

Det kan vera mindre forskjellar i dialekten mellom dei ulike bygdene i kommunen. I nokre grender vil ein for eksempel halda lenger på dei eldre formene enn ein gjer andre stader.

6.2. Yngre og eldre dialekt

Talemålet kan òg variera ein del mellom generasjonane. Nedafor skal me sjå på ein del punkt der ein kan finna forskjellar mellom eldre og yngre mål i Ullensvang.

Lydverket >L

- I eldre mål kan dei lange vokalane *i*, *o*, *u* og *y* uttalast som *ei*, *ou*, *eu* og *ey*. I dag er ei slik diftongering heller uvanleg.

Substantivbøying >L

- Dei hankjønnsorda som har *ɛ* i fleirtalsendingane (dvs. klasse 2 ovafor), får i eldre mål endinga *-ɛna* i bestemt form fleirtal. I eldre mål kan det for eksempel heita *sauɛna*, mens det i yngre generasjonar er vanleg å seia *sauɛnɛ*.

- I bøyinga av hankjønnsorda kan dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 1 (for eksempel *hest*) og bøyingsklasse 2 (for eksempel *sau*) ovafor. Dei vil bøya orda *hest* og *sau* på same måte:

<i>hest</i>	<i>hest'n</i>	<i>hesta</i>	<i>hestanɛ</i>
<i>sau</i>	<i>sauɛn</i>	<i>saua</i>	<i>sauanɛ</i>

- Dei hokjønnsorda som har *ɛ* i fleirtalsendingane (dvs. klasse 3 ovafor), får i eldre mål endinga *-ɛna* i bestemt form fleirtal. I eldre mål kan det for eksempel heita *naolɛna*, mens det i yngre generasjonar er vanleg å seia *naolɛnɛ* 'nålene'.
- I bøyinga av hokjønnsorda kan dei yngste ha samanfall mellom det som blir kalla bøyingsklasse 3 (for eksempel *sak*) og bøyingsklasse 5 (for eksempel *ɛlv*) ovafor. Dei kan såleis bøya orda *sak* og *ɛlv* på same måte:

<i>sak</i>	<i>sakɛ</i>	<i>sakɛ</i>	<i>sakɛnɛ</i>
<i>ɛlv</i>	<i>ɛlvɛ</i>	<i>ɛlvɛ</i>	<i>ɛlvɛnɛ</i>

- Dei yngste kan mangla *-r* i endinga i ubestemt form fleirtal av hankjønns- og hokjønnsord. Dei kan seia *hesta* og *naolɛ*, der dei eldre seier *hestar* og *naolɛr* 'hestar og nåler'.
- I bøyinga av inkjekjønnsorda som er plasserte i klasse 6 ovafor (for eksempel *hus*), vil dei yngste ha endinga *-ɛnɛ* i bestemt form fleirtal. I eldre mål er endinga *-ɛ*. Dei yngste vil såleis seia *hus'nɛ* og *bɛrɛnɛ*, mens dei eldre seier *husɛ* og *bɛrɛ* 'husa og bæra'.
- Dei yngre har ikkje like mykje palatalisering som dei eldre. I yngre mål er former som *sakɛnɛ* og *skogɛn* vanlege. I eldre mål vil det heita *sakɛna* og *skojɛn* 'sakene og skogen'.

Verbbøying >L

- I eldre mål kan ein del verb få endinga *-å* i notid. Det kan for eksempel heita at *eg finnå*. I dag er det vanleg å seia at *eg finne* 'eg finn'.
- Verb som *bryta* og *frysa* heitte i eldre mål *brjota* og *frjosa*.

Adjektivbøying ➤L

- I eldre mål er det vanleg å seia for eksempel *ain storá mann*. Dei yngre vil ikkje ha endinga *-á* i adjektivet her. Dei vil anten ha *-e* (*ain store mann*), eller dei vil ikkje ha noka ending i det heile (*ain stor mann*).

7. Dialektprøver

Slik kan tre dialekttekstar sjå ut skrivne med lydskrift ➤T [eigen artikkel]:

Tekst 1:

Da va ai jyggr'r so buddę på Aikhamranę. Ain maorùnd saog ho solę sjain ùppi Hanakamb. So vild'o fao solsjenę ne te sęg. So batt o i samęn adle tåję ho aigde å lagde ai snørålykka, å so hyvd'o lykko ùpp pao Hanakamb å drog i endęn på tåję. Ho streta å drog so tåję slitna. Dao for o augåttå neri berję i floaremaole å klęmdę ai rùnd håla i berję. Da e Jyggraręvę.

Ordforklaringar:

Hanakamb 'namn på eit fjell'

augåttå 'baklengs'

Målprøven byggjer på:

Beito, Olav T. 1967: *Norske målføretekster*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XVIII. 2. utg. Universitetsforlaget.

Tekst 2:

- *Dar e no aitt diplom så handlar omm nåkre tvistesakęer innpao, innpao Blaię. I frao tålhondreåfiråniti, trur eg. Sømm, dar hann, allså, da va krangęl omm nåkre kvędnaręttar å omm kar fålk hadde fùnnę sęg måldfor, allså da e aitt uttrykk så de ikke sjynna sikkert. Allså da var i, vait de ka bort'n e få nåke? Da e bregner så årmetęlg, har de håirt omm da? Ja, dai brükte da sømm aitt nødfor omm vaoranę. Allså bortnęn har ait svęrt rotnęt sømm yvevintrar å e lika friskt, yvedęlen tao planto, dann vissnar.*
- **Men nedi jorda så er det fortsatt...**
- *Męnn, omm vaoranę så kùndę dai allså grava opp dęnnę røtęnę å bruka di te for te krøtęre. Åg dętta hadde dai vorte uainigę omm. Dai maintę att nåken tao blaiinganę haddę vå å, å grevę opp måldfor dar dai ikke aottę grùnnęn.*

Tekst 3:

- *Eg spelar, har dai siste fem aorę så har eg brùkt kåntrabass i fårsjellige samenhęngar, meņn på dann morellefestival'n så har me vā, har me vā ni ùngdāmmar frå Hardanger, frå Lāfthus, sāmme alle spelar nåķę. Så då hadde me ait bęnd sāmme haitte Morell svingers, sāmme var ait storbęndkånsept me, me blāserrekka ā, ā syngędamęr ā, ja litt sāmme stor graia då. Da, så då plaidde me ā spela på dagti ùnda arransjęmangę āg på ain sāmme dans omm kvęll'n.*
- Det hęyrtest ķjekt ut.
- *Ja, da va, var vęldig ķķekt. I ār ska ķę me jera da fārr da, fārr da fālk har, fālk bur så spraitt, ā ha ķę allti ti lęngęr. Ā akkurat på den tię så e fālk, fār āfta ķansję har ferię ellipse ska spela på andre ting ā sāmme.*
- Men er dette nokon du har spelt saman med tidlegare òg?
- *Så i ār, ja, har spelt i mange aor, ja, da e, da e stort sętt kameratanę minę frå Lāfthus. Alt frå, nai da e vęldi arti jęng fārr da e liksām alt frå vaksne bøndęr i fęrtiārenę te, te sāmme ùngę, ùngę fālk då, studęnta ā slikt, så de e utruli spraitt sāmme alders, vęldi spraitt i alder.*

8. Kjelder med opplysningar om dialekten i Ullensvang

Denne oversikta byggjer på materiale i Målføresamlinga, Nordisk institutt, Sydneplassen 7, 5007 Bergen. Dessutan er det henta opplysningar frå skriftene nemnde nedafor. I desse kjeldene finn ein også fleire opplysningar enn det som er drege fram her. Ei liste over allmenn dialektlitteratur finn du her ➤ [T\[eigen art.\]](#) og om hardangermålet her. ➤ [T\[eigen art.\]](#)

Beito, Olav T. 1967: *Norske målføretekster*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XVIII. 2. utg. Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1960: *Hardanger-målet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XV. Oslo: Universitetsforlaget.

Opedal, Halldor O. 1980: *Hardingmålet: ord og vendingar og stil*. Skrifter frå Norsk målførearkiv XXXV. Oslo: Universitetsforlaget.

Vidsteen, Chr. 1885: *Opplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: I Kommission hos Ed. B. Giertsen.